

# **Styresak**

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.09.2011  
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m.fl.**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per august 2011**

**Arkivsak**

2011/11/

**Styresak 102/11 B**

**Styremøte 05.10. 2011**

---

## **Forslag til vedtak**

1. Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. august 2011 til etterretning.
2. Styret ber Helse Fonna gjennomføre tiltak med tilstrekkeleg effekt slik at målet om økonomisk balanse kan nås.

## Oppsummering

Ventetidsutviklinga per august 2011 syner at ventetidene har gått opp både for behandla pasientar og for ventande i samband med feireavviklinga, når ein ser på alle fagområda samla. Basert på historikk er dette ei forventa utvikling. Den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i august var 78 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 96 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Talet på fristbrot og langtidsventande har gått litt opp i august samanlikna med dei føregåande månadene, medan talet på korridorpasientar per dag innan somatikk og psykisk helsevern har gått marginalt opp.

Akkumulert resultat pr august er kr 280,3 mill som er kr 110,1 mill betre enn budsjett. Helse Stavanger har realisert 58 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har fortsatt låg realisering på tiltaka medan Helse Førde har ei realisering på 67 % av planlagd effekt. Alle føretak med unntak av Helse Fonna, Helse Førde og fellesområdet i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettet resultatkrav. Helse Fonna har justert si prognose til å vise eit underskot på kr 10 mill som er kr 20 mill svakare enn budsjettet resultatkrav medan Helse Førde opprettheld si prognose som viser eit resultat som er kr 20 mill därlegare enn budsjett. Helse Vest har ved utgangen av august ein netto likviditet på minus kr 658 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet i tal sjukefråværdsdagsverk er på om lag same nivå som for same månad i 2010. Brutto og netto månadsverk ligg framleis høgare for alle månadar så langt i 2011, samanlikna med 2010.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i august på 81 prosent, opp frå 78 prosent i juni. Inntrykket av det regionale helseføretaket er på 62 prosent, som er ein framgang på 4 prosentpoeng frå juni. Framgangen er statistisk signifikant.

## Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. august 2011.

## Kommentar

### 1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal som helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet nedanfor syner endring i aktivitetensnivået per august 2011, samanlikna med tal per august 2010.



## Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert rundt 162 000 DRG-poeng dei åtte første månadene av 2011. Berre Helse Førde HF hadde ein lågare DRG-produksjon enn i 2010. Det samla talet sjukehusopphald var om lag 160 000. Av føretaka hadde særleg Helse Fonna HF eit lågare aktivitetsnivå enn førre år, medan Helse Førde HF ligg marginalt lågare. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 536 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2011, enn til same tid i 2010.

## Psykisk helsevern


Per august 2011 var aktivitetsnivået innan barne og ungdompsykiatrien både målt i liggjedøgn og dagbehandling lågare enn til same tid i 2010. Talet liggjedøgn til no i år ligg rett under 9 300, medan talet på dagopphald var 73 700. Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har færre dagopphald enn førre år, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert færre liggjedøgn. I Helse Førde HF er reduksjonen i liggjedøgn i tråd med styrevedtak om å redusere sengjetalet. I Helse Fonna HF skuldast låg aktivitet mellom anna at det framleis har vore låg aktivitet ved BUP-Stord grunna mangel på psykiater, samt forskyving av tidspunkt for gjenopning av sengepost etter sommarstenging.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var lågare enn i 2010 målt i talet liggedøgn, og høgare målt i talet på dagbehandlingar. I absolutte tal har det blitt generert om lag 168 000 liggjedøgn og gjennomført 145 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Alle dei fire helseføretaka har generert noko færre liggjedøgn så langt i 2011, medan det berre er Helse Fonna HF har hatt ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn i 2010. I Helse Bergen HF og Helse Førde HF er dette ei ønska vriding frå kortare døgnbehandling til meir polikliniske behandling.

## 2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i august 2010 var på 78 dagar. Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretaka for alle pasientar som har starta behandling.

### Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av august 2011 var 96 dagar, fordelt på 72 dagar for prioriterte og 122 dagar for ventande utan prioritert. Figuren under viser samla ventetida for alle ventande fordelt per helseføretak.


## Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



### Somatikk


Den samla gjennomsnittlige ventetida for ventande innan somatikken var 95 dagar ved utgongen av august. For pasientar med prioritet var ventetida 71 dagar, og for pasientar utan prioritet var ventetida 122 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per helseføretak.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i august 2011, så var dei 68 dagar for prioriterte og 99 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 78 dagar i gjennomsnitt for alle behandla. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



## Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlige ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 81 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 120 dagar ved utgongen av august 2011. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 88 dagar.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Den samla ventetida for pasientane som starta behandling i august 2011 var 91 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 84 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 138 dagar.


## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



## Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlige ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 84 dagar ved utgongen av august 2011. Ventetida for ventande med prioritet var 49 dagar og 139 dagar for dei utan prioritert.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandling i august 2011 var den samla gjennomsnittleg ventetida 60 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 55 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritert var 79 dagar.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



### 3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

#### Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-aug	4237	14 %	2189	25 %	6426	17 %	3101	30 %
2010-sep	3479	11 %	2781	24 %	6260	15 %	2986	25 %
2010-okt	3023	10 %	2215	21 %	5238	13 %	2489	20 %
2010-nov	2032	7 %	2273	18 %	4305	10 %	2031	18 %
2010-des	1367	5 %	1530	15 %	2897	8 %	1451	11 %
2011-jan	1163	4 %	1276	11 %	2439	6 %	1537	14 %
2011-feb	977	4 %	1018	9 %	1995	5 %	1156	11 %
2011-mar	853	3 %	989	8 %	1842	5 %	1184	10 %
2011-apr	922	4 %	732	8 %	1654	5 %	1079	10 %
2011-mai	1025	4 %	1002	9 %	2027	5 %	1372	11 %
2011-jun	1074	4 %	1015	10 %	2089	6 %	1403	12 %
2011-jul	1780	6 %	581	10 %	2361	7 %	1447	14 %
2011-aug	1836	7 %	1278	14 %	3114	9 %	1762	17 %

I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).


## Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Ein må ta ei viss høgde for at utviklinga ein ser i Helse Fonna HF heng saman med utfordringar knytt til innføring av DIPS, slik ein observerte ved innføringa av DIPS i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF.

I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusera talet langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i det talet langtidsventande fordelt per helseføretak.


## Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



## 4. Korridorpasientar


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorplassar per månad innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

## Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken samanheng med mange utskrivingsklare pasientar i sjukehusa. I Helse Stavanger HF har dei nyleg opna ein ekstra post i MOBA med 16 plassar for utskrivingsklare pasientar. Frå 1. januar 2012 blir det i samband med samhandlingsreforma innført betaling for kommunane frå første dag, for utskrivingsklare pasientar innan somatikken.

## Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Situasjonen i Helse Bergen HF blir følgt opp i tett dialog med føretaket. Tidlegare planlagde tiltaka skjer etter vedteke tidsplan. I september tek Bergen busenter i bruk alle sine 20 plassar. Dette vil frigjere plassar ved DPS-a, som i sin tur vil styrkja kapasiteten ved akutteiningane og gje redusert bruk av korridorplassar.

## 5. Økonomi


### 5.1 Resultat

	August			Hittil pr. august		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	2 522	2 532	-10	12 725	10 430	2 295
Helse Bergen	3 281	2 285	996	143 511	101 393	42 118
Helse Fonna	-7 136	773	-7 909	-13 702	6 898	-20 600
Helse Førde	-9 144	-3 100	-6 044	-39 085	-26 622	-12 463
Helse Stavanger	13 960	3 308	10 652	41 746	26 621	15 126
Fellesområde, føretaksgruppa	22 891	1 066	21 825	125 677	42 609	83 068
Administrasjonen	2 023	1 023	1 000	7 145	2 516	4 628
Helse Vest IKT	-23	1 887	-1 910	2 294	6 333	-4 039
<b>Til saman</b>	<b>28 374</b>	<b>9 773</b>	<b>18 600</b>	<b>280 312</b>	<b>170 179</b>	<b>110 133</b>

Alle tall i helle tusen

Det økonomiske resultatet i august er kr 28,4 mill som er kr 18,6 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat etter åtte månader er kr 280,3 mill som er kr 110,1 mill betre enn budsjettet.

#### Helse Stavanger




Alle tall i helle tusen

Resultatet i august er kr 14 mill som er kr 10,7 mill betre enn budsjettet. Etter åtte månader har føretaket eit positivt akkumulert resultat på kr 41,7 mill som utgjer eit positivt budsjettavvik på kr 15,1 mill.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 74,3 mill som hovudsakleg skuldast høg aktivitet. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 60,2 mill der lønnskostnadane (inkludert å innleige) utgjer kr 3,1 mill. Føretaket melder at kr 13,9 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit positivt avvik på lønn på kr 10 mill. Dei medisinske varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 33,9 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Gjestepasientar viser eit negativt avvik på kr 25,8 mill og føretaket signaliserer auka risiko for at dei somatiske gjestepasientkostnadane vil auke på grunn av arbeidet med å redusere talet på fristbrot framover.

## Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i august er på minus kr 7,1 mill som er kr 7,9 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat pr august er minus kr 13,7 mill mot eit budsjettet resultat på pluss kr 6,9 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 20,6 mill.

Etter åtte månader viser inntektene eit positivt avvik på kr 10,8 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 31,3 mill. Personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit akkumulert avvik på kr 29,4 mill. Andre driftskostnader har eit negativt avvik på kr 1,8 mill.

## Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Resultatet for august månad viser eit overskat på kr 3,3 mill som er kr 1 mill betre enn budsjettet. Rekneskapen etter åtte månadar viser eit resultat på ca kr 143,5 mill som er kr 42,1 mill betre enn budsjettet.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på omlag kr 93,9 mill og skuldast i hovudsak høg aktivitet i føretaket, medan driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på i underkant av kr 57 mill.

Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit marginalt negativt budsjettavvik, i underkant av kr 9,3 mill. Delar av dette må bli sett i lys av den høge aktiviteten i føretaket samt at lønnsoppgjeret blei dyrare enn budsjettet. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til psykiatri og rus medan avviket på annan driftskostnad hovudsakeleg er knytt til mindrekostnad til pasienttransport. Etter åtte månader er det eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadar på i overkant av kr 10 mill.

#### Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet i august er minus kr 9,1 mill som er kr 6 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er negativt med kr 39,1 mill som er kr 12,5 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene hittil i år er kr 0,3 mill høgare enn budsjett. Kostnadssida syner eit akkumulert negativt avvik mot budsjett på kr 12,7 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 10,3 mill. Varekostnader har eit meirforbruk på kr 7 mill og mindreforbruk knytt til andre driftskostnadar utgjer kr 2,8 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 1,8 mill målt mot budsjettet.

#### Kjøp av helsetenester

Etter åtte månader er resultatet kr 83,1 mill betre enn budsjettet. Det positive avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av lab-/ røntgentenester, mindreforbruk knytt til fellesprosjekt og høgare renteinntekter enn budsjettet.

#### Administrasjonen

Resultatet pr august er kr 4,6 mill betre enn budsjettet og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt.

#### Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i august er omlag som budsjettet. Akkumulert resultat pr august er kr 12,7 mill som er kr 2,3 mill betre enn budsjett. Varesalsinntektene er kr 0,5 mill under budsjett og tenestesalet er kr 2,1 mill under budsjett. Personalkostnadane er kr 1,8 mill under budsjett og skuldast mellom anna lågare kurs- og rekrutteringskostnader samt vakante stillingar. Andre driftskostnader er kr 3,1 mill under budsjett og skuldast utsett vedlikehald og mindre innleige av konsulenter. Finansinntektene er kr 0,7 mill over budsjett.

#### Helse Vest IKT AS

Resultatet i august var kr 1,9 mill dårlegare enn budsjettet noko som gjer eit akkumulert resultat på kr 2,3 mill som er kr 4 mill svakare enn budsjettet.

## 5.2 Omstilling

### Helse Stavanger

Pr august månad har føretaket realisert 55 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka. På grunn av høg aktivitet innfrir ein skilde av føretakets divisjonar resultatkravet til tross for ei lav realiseringsgrad på dei ulike tiltaka. Pr august er det divisjonane Psykiatri og Intern service som sliter mest med å oppnå effekt av dei planlagde tiltaka.

### Helse Fonna

Føretaket la i juni inn nye tiltak slik at samla omstillingspakke auka frå 51,2 mill til kr 60 mill.

Realiseringsgraden er ennå svært låg og visar ikkje nokon spesiell effekt for august. Helse Fonna forventar at tiltaka skal virke, men på eit seinare tidspunkt enn i opphavleg plan. Det er i august satt i gong tiltak for ytterlegare kr 11,6 mill med forventa effekt frå og med november. Føretaket har berekna ein effekt ved årets slutt på kr 36 mill (50 %) av samla tiltakspakke på kr 71,6 mill, av dette skal ca kr 21 mill realiserast i november og desember. Den låge realiseringsgraden hittil samt at effekten skal realiserast så seint i året, gjer at omstillingspakken har ein vesentleg risiko.

### Helse Bergen

Føretaket rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

### Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 67% av planlagd effekt pr august, noko som er 6 prosentpoeng lågare enn rapporteringa pr juli. For året totalt melder føretaket ei effekt på 89 % av dei utarbeida omstillingstiltaka på til saman kr 31,5 mill, noko som er det same som ved førre rapportering.

## 5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	-10 000	10 000	-20 000
Helse Førde	-60 000	-40 000	-20 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	80 000	40 000	40 000
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
<b>Sum</b>	<b>204 100</b>	<b>204 100</b>	<b>0</b>

Alle tall i heile tusen

Alle føretak med unntak av Helse Fonna og Helse Førde i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettet resultatkrav.


Helse Fonna si prognose pr august er betydeleg forverra si førre rapportering og viser nå eit underskot på kr 10 mill som er kr 20 mill svakare enn budsjettet resultatkrav. Denne prognosen tilsvarer resultatavviket per august og inneber at resultatet for dei siste månadene samla sett ikkje kan være svakare enn budsjett. Forventa effekt av oppdatert tiltakspakke er inkludert i prognosen. Sett i lys av resultatutviklinga dei siste månadene samt at dei fleste tiltaka ikkje vil få effekt før tidligast i november, vil administrerande direktør følgje utviklinga tett.

Forventa resultat for fellesområdet i føretaksgruppa er justert til kr 80 mill. Grunnen til dette er hovudsakleg lågare kjøp av helsetenester frå andre enn planlagd.

Helse Førde har utarbeidd ei prognose for året som viser eit resultat som kr 20 mill därlegare enn budsjettet. Hovudårsaka til avviket er knytt til lønnsområdet generelt og lønnsoppgjeret spesielt.

## 5.4 Likviditet


Helse Vest har ved utgangen av august ein netto likviditet på minus kr 658 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskredit for året.




Driftskredittramma vil i løpet av året bli redusert og ved utgangen av året vil den vere på kr 1,998 mrd. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

## 6. Medarbeidrarar

### Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



## Utvikling sjukefråvær målt i sjukefråværsdagsverk:



Samla sjukefråværsdagsverk går ned i juli månad kvart år. Ein kan vidare sjå at samla sjukefråværsdagsverk går særleg opp frå juli til august. For dei andre månadene er det naturlege svingingar. Samla sjukefråværsdagsverk per august 2011 er på omrent same nivå som for august 2010.

Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt sjukefråvær på 4,5 % eller lågare. Per august 2011 var det samla sjukefråværet på 5,9 % og sjukemeldt sjukefråvær på 5,12%.


**Del eininger med samla sjukefråvær under 5,5 % og sjukemeldt sjukefråvær under 4,5% - august månad:**

*Andel totalt sjukefråvær for alle avdelinger, periode: 201108. Denne perioden.*

Tal på eininger totalt	Tal på eininger < 5,5% totalt sjukefråvær	Del under 5,5%
1509	1049	69,52 %

Tal på eininger totalt	Tal på eininger < 4,5% sjukemeldt fråvær	Del under 4,5%
1509	1045	69,25 %

## Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk



## Oppfølging av variable timer hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201009	201109	Endring 2010-2011	% endring
Merarbeid i kroner	197 178 520	219 448 025	22 269 504	11 %
Overtid i kroner	237 892 134	261 226 551	23 334 417	10 %
Merarbeid i timer	1 185 589	1 242 890	57 302	5 %
Overtid i timer	556 842	590 725	33 883	6 %
Brutto månedsverk	165 116	169 200	4 084	2 %

## Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Rapportering er i tråd med felles nasjonale indikatorar og i tråd med rapporteringskrav frå HOD. Det er 1.907 tilsette som har registrert sin profil per 19. september 2011.

Tal medarbeidarar fordelt på total stillingsprosent og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, ansatt type: fast og kjønn: alle kjønn

	Tilkalling	Deltid										Heiltid 100 % stilling	Totalt, eks tilkalling	Tal på deltid
		0 %	0,1-9,9%	10-19,9%	20-29,9%	30-39,9%	40-49,9%	50-59,9%	60-69,9%	70-79,9%	80-89,9%	90-99,9%		
201009	674	26	272	378	120	262	1 680	665	1 626	1 961	485	9 876	17 351	7 475
201010	699	26	279	377	124	269	1 688	662	1 613	1 983	485	9 821	17 327	7 506
201011	709	27	284	373	131	275	1 681	672	1 620	1 976	489	9 841	17 369	7 528
201012	738	25	282	376	131	265	1 678	663	1 634	1 985	486	9 818	17 343	7 525
201101	660	25	317	401	139	266	1 683	670	1 638	1 991	517	9 906	17 553	7 647
201102	684	25	323	400	146	266	1 675	655	1 626	2 028	515	9 937	17 596	7 659
201103	672	24	331	409	145	268	1 672	672	1 638	2 020	512	9 980	17 671	7 691
201104	703	23	327	409	143	268	1 666	671	1 627	2 038	503	9 990	17 665	7 675
201105	705	23	331	409	139	266	1 657	651	1 644	2 024	515	10 005	17 664	7 659
201106	658	21	273	359	132	244	1 608	641	1 652	2 045	538	10 226	17 739	7 513
201107	661	21	264	352	125	242	1 599	644	1 632	2 031	535	10 224	17 669	7 445
201108	671	20	326	414	132	246	1 623	655	1 640	2 003	508	10 172	17 739	7 567
201109	642	19	335	433	132	241	1 652	669	1 652	1 982	522	10 214	17 851	7 637

Data overført frå Agresso: 17.09.2011 03:14

**Andel ansatte under 100% (deltid) og gjennomsnittlig stillingsprosent for utlønningsprosent, juridisk stillingsprosent og justert stillingsprosent for periode: 201109 og foretak: (Alle)**

	Andel ansatte under 100 %	Gjennomsnittlig stillingsprosent	Måltall
Utlønningsprosent	43,24 %	84,11 %	
Juridisk stillingsprosent	42,74 %	84,28 %	
Justert stillingsprosent	39,46 %	85,43 %	87,70 %

Per 19. september 2011

Tal medarbeidarar fordelt på stillingstype og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, stillingsprosent: alle stillingsprosenter og kjønn: alle kjønn

	Interne										
	Fast ansatt					Midlertidig ansatt					
	Fast	Permisjon med løn	Fungering/konstit.	Ulønna permisjon	Totalt tal på faste tilsettingsforhold	Midlertidig	Timelønna	Vikar	Ny stilling	Totalt tal på midlertidige tilsettingsforhold	Totalt tal på tilsettingsforhold
201008	16 083	791	151	1 080	18 105	1 436	7 029	3 182		11 647	29 752
201009	16 169	817	153	1 060	18 199	1 458	6 925	3 230		11 613	29 812
201010	16 121	812	166	1 102	18 201	1 472	6 933	3 302		11 707	29 908
201011	16 156	801	160	1 126	18 243	1 455	6 836	3 317		11 608	29 851
201012	16 149	793	154	1 156	18 252	1 434	6 951	3 259		11 644	29 896
201101	16 312	809	159	1 101	18 381	1 435	6 148	3 106	1	10 690	29 071
201102	16 347	809	162	1 144	18 462	1 493	6 198	3 124	1	10 816	29 278
201103	16 421	789	168	1 150	18 528	1 541	6 411	3 141	1	11 094	29 622
201104	16 412	798	166	1 180	18 556	1 545	6 314	3 161	1	11 021	29 577
201105	16 407	793	171	1 191	18 562	1 550	6 413	3 187	1	11 151	29 713
201106	16 566	706	169	1 144	18 585	1 539	6 295	4 369	1	12 204	30 789
201107	16 530	690	160	1 139	18 519	1 545	6 194	4 458	1	12 198	30 717
201108	16 531	765	151	1 157	18 604	1 616	6 449	3 159	2	11 226	29 830
201109	16 640	753	152	1 138	18 683	1 627	6 042	3 071	3	10 743	29 426

Tabellen gir oversikt over alle tilsettingsforhold. Ein medarbeidar kan ha fleire tilsettingsforhold

Data overført frå Agresso: 17.09.2011 03:14

### Tabell årsaker til deltid:

	Ikke svart på kva for ein stillingsreduksjon dei har	Kor stor er stillingsreduksjonen?										Er i 100 % stilling	
		Blir avklart i dialog mellom leiarar og medarbeidarar	0,1 % - 9,9 %	10 % - 19,9 %	20 % - 29,9 %	30 % - 39,9 %	40 % - 49,9 %	50 % - 59,9 %	60 % - 69,9 %	70 % - 79,9 %	80 % - 89,9 %	90 % - 99,9 %	
Andre årsaker		420	4	26	100	18	19	51	15	12	13	3	5 686
Etter eget ønske		432	3	52	157	30	19	51	7	24	20	6	1 802
Gradert sykemelding		0	0	0	1	0	1	1	1	1	0	0	0 5
Gradert tilrettelegging		1	0	0	2	0	1	2	0	0	0	0	0 6
Gradert uførepensjon		12	0	0	12	9	8	41	6	4	0	0	0 92
Ikke registrert årsak/ikke relevant		61	1	2	5	0	0	4	0	2	1	0	0 76
Redusert stilling grunnet helsemessige årsaker		20	0	2	14	2	3	16	9	0	4	1	0 71
Redusert stilling pga sosiale eller andre viktige velferdsrunner		6	0	9	29	3	3	8	0	1	1	1	0 61
Stilling hos annen arbeidsgiver		46	1	1	2	0	3	8	0	0	1	0	0 62
Stilling/bistilling utdanningsinstitusjon		14	0	1	3	0	1	1	0	1	0	1	0 22
Utdanningspermisjon		2	0	0	0	0	2	0	0	1	0	0	0 5
Gradert AFP/alderspensjon		3	0	0	9	0	3	2	1	1	0	0	0 19
Totalt		1017	9	93	334	62	63	185	39	47	40	12	6 1907
		53 %	0 %	5 %	18 %	3 %	3 %	10 %	2 %	2 %	2 %	1 %	0 %

Per 19. september 2011

## Når ønskjer medarbeidar høgare stillingsprosent:

*Deltidskartlegging fordelt på årsakskoder og når ressursen kan starte i høyere stillingsbrøk.*

	I løpet av en måned	I løpet av det neste halve året	På lengre sikt	Ikke aktuelt/ Ikke oppgitt	Totalt
<b>Andre årsaker</b>	<b>351</b>	<b>96</b>	<b>27</b>	<b>212</b>	<b>686</b>
Etter eget ønske	54	39	10	699	802
Gradert AFP/alderspension	0	0	0	19	19
Gradert sykemelding	0	0	2	3	5
Gradert tilrettelegging	1	2	0	3	6
Gradert uførepensjon	3	2	1	86	92
Ikke registrert årsak/ikke relevant	26	6	1	43	76
Redusert stilling grunnet helsemessige årsaker	3	3	3	62	71
Redusert stilling pga sosiale eller andre viktige velferdsgrunner	10	7	3	41	61
Stilling hos annen arbeidsgiver	3	10	2	47	62
Stilling/bistilling utdanningsinstitusjon	7	2	2	11	22
Utdanningspermisjon	0	1	0	4	5
<b>Totalt</b>	<b>458</b>	<b>168</b>	<b>51</b>	<b>1230</b>	<b>1907</b>

Per 19. september 2011

## Utvikling i fordeling stillingsstorleik:

Del deltid	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Hittil i år	Del
<b>Tal på tilsette i 100 % stilling</b>	11 699	11 768	11 829	11 851	11 897	12 893	12 994	12 158		12 130	12 135 57 %
<b>Tal på tilsette i 90 - 99,9 % stilling</b>	590	595	589	580	593	784	820	596		590	637 3 %
<b>Tal på tilsette i 80 - 89,9 % stilling</b>	2 287	2 326	2 311	2 323	2 320	2 481	2 480	2 296		2 281	2 345 11 %
<b>Tal på tilsette i 70 - 79,9 % stilling</b>	1 953	1 939	1 950	1 937	1 938	2 019	2 004	1 944		1 959	1 960 9 %
<b>Tal på tilsette i 60 - 69,9 % stilling</b>	757	740	759	751	728	770	780	741		762	754 4 %
<b>Tal på tilsette i 50 - 59,9 % stilling</b>	1 979	1 961	1 958	1 954	1 942	1 887	1 877	1 907		1 928	1 933 9 %
<b>Tal på tilsette i 40 - 49,9 % stilling</b>	314	309	309	304	301	291	290	278		269	296 1 %
<b>Tal på tilsette i 30 - 39,9 % stilling</b>	171	179	178	179	176	184	173	180		177	177 1 %
<b>Tal på tilsette i 20 - 29,9 % stilling</b>	577	567	582	586	586	499	480	571		593	560 3 %
<b>Tal på tilsette i 10 - 19,9 % stilling</b>	552	568	580	573	579	389	361	522		558	520 2 %
<b>Tal på tilsette i 0,1 - 9,9 % stilling</b>	55	51	51	52	53	24	24	25		24	40 0 %
<b>Sum tal tilsette</b>	<b>20 934</b>	<b>21 003</b>	<b>21 096</b>	<b>21 090</b>	<b>21 113</b>	<b>22 221</b>	<b>22 283</b>	<b>21 218</b>		<b>21 271</b>	<b>21 359 100 %</b>

Per 19. september 2011

## Utvikling midlertidig tilsetjingar:


Tal medarbeidarar fordelt på total stillingsprosent og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, ansatt type: midlertidig og kjønn: alle kjønn

	Tilkalling	Deltid											Heiltid	Deltid , eks tilkalling	Totalt tal midlertidige tilsettingar	Del deltidstilsette av midlertidige tilsette
		0 %	0,1- 9,9%	10- 19,9%	20- 29,9%	30- 39,9%	40- 49,9%	50- 59,9%	60- 69,9%	70- 79,9%	80- 89,9%	90- 99,9%				
201012	4 925	33	314	256	55	85	599	238	651	600	158	2 942	2 989	5 931	50 %	
201101	<b>4 345</b>	<b>35</b>	<b>311</b>	<b>251</b>	<b>53</b>	<b>87</b>	<b>520</b>	<b>208</b>	<b>579</b>	<b>564</b>	<b>168</b>	<b>2 857</b>	<b>2 776</b>	<b>5 633</b>	<b>49 %</b>	
201102	4 370	31	325	246	55	86	509	198	576	584	178	2 933	2 788	5 721	49 %	
201103	<b>4 480</b>	<b>31</b>	<b>339</b>	<b>250</b>	<b>56</b>	<b>89</b>	<b>522</b>	<b>206</b>	<b>596</b>	<b>587</b>	<b>175</b>	<b>3 005</b>	<b>2 851</b>	<b>5 856</b>	<b>49 %</b>	
201104	4 402	33	333	251	58	85	517	199	596	587	178	3 025	2 837	5 862	48 %	
201105	<b>4 493</b>	<b>34</b>	<b>334</b>	<b>251</b>	<b>58</b>	<b>82</b>	<b>517</b>	<b>194</b>	<b>576</b>	<b>591</b>	<b>185</b>	<b>3 065</b>	<b>2 822</b>	<b>5 887</b>	<b>48 %</b>	
201106	4 095	4	171	196	69	84	496	242	661	741	380	3 969	3 044	7 013	43 %	
201107	<b>4 038</b>	<b>4</b>	<b>146</b>	<b>183</b>	<b>66</b>	<b>86</b>	<b>492</b>	<b>251</b>	<b>650</b>	<b>758</b>	<b>416</b>	<b>4 023</b>	<b>3 052</b>	<b>7 075</b>	<b>43 %</b>	
201108	4 634	6	276	228	70	78	497	202	583	570	188	3 165	2 698	5 863	46 %	
201109	<b>4 347</b>	<b>7</b>	<b>300</b>	<b>241</b>	<b>65</b>	<b>73</b>	<b>486</b>	<b>194</b>	<b>568</b>	<b>564</b>	<b>165</b>	<b>3 072</b>	<b>2 663</b>	<b>5 735</b>	<b>46 %</b>	
	Endring tilkallingsvakter hittil i år												Endring hittil i år			
	-578												-326			
	-13 %												-12 %			

Data overført frå Agresso: 17.09.2011 03:14


## Helse Stavanger

### Sjukefråvær




72,22 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk




## Helse Fonna

### Sjukefråvær




65,85 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk




## Helse Bergen

### Sjukefråvær




65,02 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk




## Helse Førde

### Sjukefråvær




75,37 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk




## Sjukehusapoteka Vest

### Sjukefråvær




60,61 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk




## Helse Vest IKT

### Sjukefråvær



92,31 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5% for august.

## Månadsverk



## 7. Omdømme

Omdømme		Resultater	Mål	Status	=
<b>Samfunn</b>					
	Tiltro til tjenesten	81	80	<span style="color: green;">●</span>	
	Avvik tiltro pasienter/pårøren...	1	0	<span style="color: green;">●</span>	
	Inntrykk av det regionale hels...	62	80	<span style="color: red;">●</span>	
<b>Pasienter og pårørende</b>					
	Avvik tiltro pasienter/pårøren...	1	0	<span style="color: green;">●</span>	
	Avvik tiltro pasienter og pårø...	2	0	<span style="color: green;">●</span>	

### 7.1 Tiltru til tenesta – august månad

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).


Prosentsdelen som har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta er i august 81 prosent. Det betyr at vi er tilbake til det nivået vi har sett i heile 2011, med unnatak av dei siste to målingane i mai og juni, då denne indikatoren låg nede på 77 prosent. Endringa frå juni til august er statistisk signifikant.

Med unnatak av for Helse Førde der tiltrua er lik den i juni, er det ein auke i tiltrua i alle sjukehusområda. Størst er auken i Helse Bergen (frå 78 til 85 prosent), og Helse Fonna (frå 75 til 79 prosent). For Bergen er auken statistisk signifikant, mens den for Helse Fonna ikkje er stor nok til å stette krava om signifikans.

## Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	85%	●
2	Helse Stavanger	81%	●
3	Helse Fonna	79%	●
4	Helse Førde	72%	○

## Utvikling over tid meget og ganske




## 7.2 Forskjell i tiltru i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

I august er denne +1 prosentpoeng, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er litt høgare blant dei som sjølv har vore pasientar dei siste tre åra enn blant dei som har vore pårørende. I juni var denne indikatoren +5 prosentpoeng.

## 7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket er i august på 62 prosent, mot 58 prosent i juni. Dette ligg over gjennomsnittet for alle målingane, som inkludert augustmålinga er 57,7 prosent.



#### **7.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:**

Resultatet for august er på +1 prosentpoeng, noko som betyr at tiltrua til spesialhelsetenesta er høgare blant dei som sjølve har vore pasientar dei tre siste tre åra, enn blant dei som har vore pårørande. I juni var denne på + 5 prosentpoeng.